

Notat

Dato: 16.12.2019
Saksnr: 2019/59-12
Saksbehandlar: Marielle Solheim

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkeseldrerådet

Uttale frå fylkeseldrerådet om budsjett 2020

Fylkeseldrerådet i Vestland har handsama budsjettframlegget for 2020. På grunn av kort tid til møte i fylkestinget måtte saken handsamast i fylkeseldrerådet via e-post. Rådet vil gje slik uttale:

Den kulturelle spaserstokken

Vi registrerer at det er sett av 3,980 mill. kroner til Den kulturelle spaserstokken. Rådet er opptatt av at heile løyvinga vert gitt til kommunane på bakgrunn av kvalifiserte søknader, og at eit minimum vert nytta til administrasjonsutgifter. Rådet ynskjer å delta i prosessen med å fordele midlane til kommunane.

TT-ordninga for Vestland fylkeskommune

Vi registrerer at Finansutvalet har vedteke at ein skal ha ein gjennomgang av ordninga i 2020, men at den skal halde fram i 2020 og også skal kunne nyttast til arbeidsreiser. Det er også rådet sitt syn. Rådet vil gjerne delta i arbeidet med å gjennomgå ordninga i 2020 t.d. som medlem i arbeidsgruppe e.l.

Serviseskyssen, sevicelinjene i Bergen og «Hent meg» prøveprosjekt i Odda

Rådet meiner desse ordningane må oppretthaldast minst på dagens nivå. I utgangspunktet burde løyvinga aukast, slik at fleire kommunar i Vestland kan ta del. Vi har registrert at Finansutvalet har vedteke at det skal utførast eit arbeid med å sjå på samordning av desse tilboda. Ordningane må halde fram som no i heile 2020. Rådet ynskjer å bidra i ein gjennomgang som t.d. medlem i arbeidsgrupper e.l.

Tannhelse

I posten for tannhelse, er det gjort ei innsparing på 5 mill. av administrativ art i budsjettet for 2020. Fylkeseldrerådet ynskjer at ev. frigjorte midlar vert brukt på eldre som har behov for hjelp til god munn- og tannpleie. Mange eldre vil også trenge omfattande tannbehandling, men for mange er dette så kostbart at dei ikkje kan prioritere dette. Når avstandane er lange mellom tannklinikkane vil og oppsøkande verksemd bli enno viktigare, jfr. at tannklinikkstrukturen gjer reiseavstanden lang. Fylkeseldrerådet i Vestland ser det som særskild viktig, at den daglege munn- og tannpleia til eldre som er på sjukeheimar eller er heimebuande blir ivarettatt på ein god måte.

Budsjett for fylkeseldrerådet i Vestland

I budsjettet for 2020 er det avsett kr. 515.000,- til drift av rådet i 2020. Dette verkar lågt sett i høve til reiseavstandar i Vestland fylkeskommune og dei oppgåver rådet har, t.d. i koordineringsgruppa for «Leve

heile livet», i fylkesmannen sin regi. Vi viser også til tidlegare innsendte framlegg frå dei to tidlegare fylkeseldreråda i forkant av budsjetthandsaminga.

Generelt

Rådet er også opptatt av folkehelsearbeidet, og at det må ha høg prioritet også når det gjeld eldre sine helseutfordringar. Bygging av gang- og sykkelveggar er eit tiltak som er nemnt i Folkehelsemeldinga og i Leve heile livet-reforma. Særleg viktig er det at gangveggar og fortau blir halde is- og snøfrie og grusa etter behov, slik at også folk som er dårleg til beins og i rullestol t.d. kan kome seg ut vinterstid. Vi er også opptatt av at universell utforming må vere ivaretatt i alle samanhengar i bygningsmassen og i all infrastruktur.

Det er viktig at det vert lagt opp til eit aldersvenleg samfunn i alle samanhengar i Vestland fylkeskommune.